

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstuen

0301 Oslo

nve@nve.no

Koldalsfossen kraftverk - Høyringsuttale

26.juni 2014

Som grunneigarar langs elva har me nokre kommentarar til konsesjonssøknaden og generelt om kraftverksforslaget i Koldalselva. Dette gjeld:

- I søknaden står det fleire stader at søkjar er i dialog med grunneigar på sørsida (oss) om ein avtale tilsvarende som for grunneigarane på nordsida. Det er ikkje riktig. Me har ikkje fått informasjon av søkjar før me møtte på eit møte hos Bolaks med dei og grunneigarane på nordsida 1.juni 2014. Dette var etter at søknaden var lagt ut offentleg. Me overtok garden i årsskiftet 2013/2014, og tidlegare eigar, Ole Bjørn Eikeland, fekk informasjon om eit mogleg kraftverk på eit møte i 2006. Det har ikkje vore anna dialog kring denne saka før søknaden vart sendt ut.
- I søknaden er det hevda at ein skal gjere området langs fossen meir tilgjengeleg og formidle industri- og lokalhistoria langs elva ved ei utbygging. Me er einige i at det er eit godt tiltak med tilrettelegging av elvekanten frå sentrum og oppover. Me meiner likevel at dei tiltaka som er føreslått i søknaden ikkje er tilstrekkeleg for oppleving av fossen, elva og dei mange kulturminna som finst langs elva. Etter det me kan sjå er forslaget å skilte ved bygningsrestane nedst i fossen, og bygge adkomsten til kraftverket. Dette vil ikkje gje særleg meir oppleving enn kva ein får ved Vikingfabrikken allereie i dag. Gangveg og trapper i terreng, med skilting ved fleire av minna oppover langs elva, meiner me er eit minimum for opplevinga av desse lokalhistoriske spora. Dette meiner me må planleggast og sjåast på i samanheng. Begge sidar av elva må tas med i vurderinga, i det minste opp til jettegrytene som ligg der inntaket er tenkt. Det kan gje ein verdi for lokalsamfunnet.
- Kartet i søknaden som viser dei kulturhistoriske spora er mangelfull, og det verkar som synfaringa langs elva berre er gjort på elva si nordside. I søknaden er området langs elva skildra som svært utilgjengeleg, lite brukt og gjengrodd. Det er opparbeidd stiar, skilting og benkar til jettegrytene for turistføremål på sørsida, men desse er modne for ny opparbeiding/utskifting. I tillegg går ein gangsti nedover mot Vikingfabrikken, men for å fullføre denne må ei trapp i terrenget reparerast. Området er relativt lett tilgjengeleg til fots.
- Jettegrytene er dei største jettegrytene i Nord-Europa, og har difor ein naturhistorisk verdi. Konsekvensane for jettegrytene og området rundt dei er lite omtala i søknaden. Me syns og det er lite vurdert kva ei retningsstyrt vassføring bort frå hovudløpet vil gjere med området

nedanfor inntaket. Me trur dette m.a. kan vera problematisk for gangstien til jettegrytene, som allereie i dag er ganske våt.

- Som det står i fylkeskommuneplan for Hordaland, er dei positive til kraftutbygging dersom omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivaretatt. Me meiner at andre arealinteresser er lite omtala i søknaden. Elva ligg veldig nære sentrum i Eikelandsosen, kommunesentrum i Fusa kommune. Kommunen har fått utført eit forslag til tettstadutvikling. På denne er Koldalselva sett på som eit viktig elvedrag, og ein muligheit for å binde sentrum betre saman med områda austover og å skape ein aktivitetsmogelegheit for lokale og turistar. Her er det føreslått å lage ein tursti/ellevandring heilt opp til Skjelbreidvatnet som ein del av utviklinga av sentrumsområdet. Me syns konsekvensane av ei utbygging er lite omtala med dette som utgangspunkt, og er redde for at dei mål tettstadsutviklinga set føre seg vil bli vanskelege å oppnå.
- Fossen er i søknaden ikkje behandla som eit landemerke og eit landskapselement som den faktisk er. Vassføringa er allereie halvert grunna tidlegare utbygging, og ei ny utbygging vil vidare svekke landemerket Koldalsfossen. Me syns søknaden ikkje tar inn over seg dei landskapestetiske verdiane Koldalsfossen innehar, og at ein svekkar fossen og landskapet kring på ein meir negativ måte enn kva som kjem fram i søknaden.
- Redusert vassføring meiner me også vil gje eit dårlegare bilete av kulturhistoria langs elva, då dette er svært vanskelig å visualisere med lite vatn i elva. Historia har oppstått nettopp på grunn av den store vassføringa i elva.
- I vedlegg 6 er det vist bilete av det me antar er føreslått minstevassføring i fossen, men teksten under biletet er feil. Me skulle gjerne sett fleire bilete av sentrale punkt nedover elva, og også av andre vassføringar for å få visualisert den reelle effekten av utbygginga. Sida søknaden skildrar fossen som eit lett synleg element frå fylkesvegen, hadde det vore naturleg med ein serie bilete frå nettopp denne, men også fleire stader oppover mot inntaket burde vore visualisert. Bileta kunne gjerne og vore kopla opp mot kor mange dagar der dette vil inntreffe, for å betre synleggjere før- og etter-situasjonar. Konsekvensen av redusert vassføring er ikkje synleg nok i søknaden.

Me som grunneigarar vurderer det derfor slik at me ikkje kan stille oss bak søknaden. Etter å ha lest søknaden, og ha diskutert dei fleste av desse momenta på møtet 1. juni, meiner me at utbygginga av Koldalsfossen, slik søknaden legg den fram, gjev lokalsamfunnet fleire negative, og dessverre ingen positive, konsekvensar.